



29.01.2008

Det kgl. kunnskapsdepartement  
Postboks 8119 dep  
0032 OSLO  
epost: postmottak@kd.dep.no

Arkivsak: 07/3588  
Løpenr : 08/1205  
Sakshandsamar:  
Torodd Urnes

## **Melding om politisk vedtak - Høring om opplæringslova. KRL-faget**

Vi viser til dykkar brev dat. 5.12.07.

Det vert med dette gjeve melding om at Formannskapet i Luster har gjort slikt vedtak i møte den 23.01.2008, sak 10/08:

"

- 1. Det er viktig at alle norske skulefag er i samsvar med Menneskerettserklæringa*
- 2. Departementet går i forslaget sitt unødvendig langt i forhold til dommen(EMD) i å redusera kristendomen sin plass i faget.*
- 3. Kristendomen har prega utviklinga og den norske kulturarven gjennom dei siste tusen åra Luster kommune meiner at lov og forskrift om faget bør innehalda tydlege formuleringar som gir grunnlag for at kristendomen framleis kan stå i ei særstilling i undervisninga i skulen.*
- 4. Det er ingen grunn i forhold til dommen (EMD), til å problematisera at den norske skulen gir ein kvantitativ grundigare innføring i den religion som historisk og kulturelt har prega landet mest "*

Med helsing

*Anita B Ruud*  
Anita Bjørk Ruud  
Politisk sekretariat

Kopi til:

Oppvekst v/Inger Marie Evjestad

## **Saksutgreiing:**

Prenta vedlegg: Høyringsnotat om forslag til endringar i opplæringslova. (Skriv frå kunnskapsdepartementet 5.12.07)

Uprenta vedlegg:

## **Samandrag:**

**Utval som har vedtaksmynde:** Formannskapet

### **Fakta:**

Kunnskapsdepartementet har sendt ut eit høyringsnotat om endring av opplæringslova sine paragrafer om KRL-faget.

Bakgrunnen for at departementet vil endre faget kristendoms- religions- og livssynskunnskap (KRL) til faget *religion, livssyn og etikk* er at Den europeiske menneskerettsdomstolen i ein dom av 29. juni 07 har slått fast at KRL-faget i grunnskulen krenkar Den europeiske menneskerettekonvensjonen.

Domstolen har etter ei samla vurdering funne ut : " *at det er kvalitative skilnader mellom elementa i kristendommen og dei andre elementa i faget.* "

Dette var såleis i strid med Den europeiske menneskerettekonvensjonen, meinte domstolen og gav Noreg ein frist på 6 månader til å endre faget.

### **Vurdering:**

Regjeringa vil med dette forslaget tilpasse seg dommen i den europeiske menneskerettsdomstolen. Dei forslaga som ligg føre endrar noko på innhaldet og vil som heilskap svekke den særstilling som kristendommen har og har hatt i landet vårt.

Dommen i den europeiske menneskerettsdomstolen var ikkje samstemt. Domstolen var her splitta på midten, 9 stemte for å gi klagaren medhold, og 8 stemte for å gi staten medhold. Ordføraren registrerer at Noreg som alltid "skal være best i klassen" med å tilpasse seg europeiske styringsorgan.

Domstolen har vurdert faget slik det var fastsett i læreplanen av 1997. Domstolen har kort sagt vurdert faget i innkøyringsperioden frå 1997 til 2001. Sidan er faget fleire gonger endra, sist i 2005. Dei endringane regjeringa vår gjorde i 2005, vart gjort nettopp fordi det er viktig at faget er itråd med menneskerettane.

Å endre namnet på faget fordi ordet kristendom er nemnt spesielt før dei andre religionane meiner ordføraren ikkje er noko haldbar grunn. Kristendommen har i snart tusen år vore med å prega utviklinga her i landet. Den kristne og humanistiske tradisjon står framleis sterkt i den norske kulturelle og sosiale utviklinga. Det meiner ordføraren at den framleis skal gjera. Når opplæringa skal fremja demokrati, nasjonal identitet og internasjonal medvit, så er det umogeleg å koma utanom den kristne kulturarv og den kristne tradisjon. Kristendommen vil vera ein del av vår nasjonale identitet og det vil vera vanskeleg å byggje vidare ut vår kulturarv utan å ta med den sterke forankringa som kulturarven har i dei kristne og humanistiske verdiar

Ved å ha ei lovføresegn om eit fag der kristendommen blir nemnt spesielt, vil ein understreke

vår identitet og vår sterke kulturelle tradisjon på dette området.

Det er viktig for oss alle å ha ei klar forankring og identitet i eit kulturelt grunnlag for å kunna vise toleranse og forståing for andre. Det er difor ordføraren meiner at det skal vera kvalitative skilnader mellom kristendommen og dei andre religionane i dette faget.

At faget slik det er i dag skulle vera til hindring for å fremja respekt, dialog og toleranse er eit uholdbart argument. Dersom faget vert formidla på rett måte, skal det nettopp fremje disse verdiane som også er dei sentrale i den kristne etikken.

Skulen skal gje grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv. Dette skal ikkje vera til hinder for at elevane også skal få god kunnskap om og kjennskap til andre religionar. Kristendommen si særstilling vil me likevel ikkje svekka.

Skulen skal samarbeida aktivt med foreldra/føresette. Dei aller fleste av foreldra ynskjer ein skule der kristendommen har ein sentral plass og som byggjer på den kristne kulturarven. Skal me verna om den offentlege skulen, må me ha plass til alle der, også fleirtalet.

Det må også vera på sin plass å minne om at me har ei statskyrkje i Noreg. Som ein konsekvens av statskyrkjeordninga vil det vera rett at kristendommen har ein særstilling i den offentlige skulen.

Så lenge skulen har gode fritaksordningar og informerer om desse, meiner ein at menneskerattane ikkje kan verta krenka av KRL- faget slik me kjenner det i dag.

Dato: 14.01.07

*Torodd Urnes*

Torodd Urnes  
-ordførar-

---

Særutskrift skal sendast:

m/kopi til: